

Lindås kommune,
Kvernhusmyrane 20,
5914 Isdalstø.

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
18 JUL 2017	
Ark. saksnr. 15/648	Løpenr.
Saksh.	Tilgangskode

Knarvik 14. juli 2017.

Bygdebok for Alversund, søknad om godkjenning av fullfinansiering/framdrift og overføring av tilskotsmidlar.

Viser til vedtaka i Lindås kommunestyre i 2015 og 2016 om tilskot til Bygdebok for Alversund og takkar for desse løyvingane.

Arbeidsgruppa for bygdeboka har arbeidd vidare med å sikra redaktør og framdrift innafor dei midlane som no står til rådvelde.

Anders Haugland, m.a. forfattar av bygdebøker for Radøy, har tatt på seg å fullføra bygdebok etter den plan som no er lagt og innafor dei økonomiske rammer som går fram nedafor.

Arbeidet med bygdeboka kan såleis starta opp straks det ligg føre klarsignal frå Lindås kommune om aksept for finansiering og framdrift.

Finansieringsplanen ser no slik ut:

Samla kostnad, unnateke trykking som vert finansiert av salsinntekter, kr. 2.360.000.-

Finansiering:

Eigeninnsats ved innsamling og foto	kr. 650.000.-
Tilskot frå lokale lag	kr. 360.000.-
Tilskot frå Lindås kommune	kr. 1.350.000.-
<u>Samla finansiering</u>	<u>kr. 2.360.000.-</u>

Prosjektet er dermed fullfinansiert og kan startast opp.

Justert framdriftsplan ser no slik ut:

- Konstituering av organisasjonen 3. kvartal 2017
- Inngå avtale med redaktør 3. kvartal 2017
- Starta oppdatering og samordning av eksisterande grunnlag 4. kvartal 2017
- Starta innsamling av data og foto 4. kvartal 2017
- Framhald med redigering, innsamling og kontroll fram til 3. kvartal 2021
- Ferdiggjera materialet , kontroll og trykking fram til 2. kvartal 2022

Ein meir detaljert framdriftsplan vert utarbeidd i samarbeid med redaktøren.

Vårt ynskje om utbetaling av løyvingane frå Lindås kommune er slik: Lik sum kr. 450.000.- i åra 2017, 2018 og 2019. Me kjem tilbake med kontonr for utbetalingane.

Vonar opplegget vårt kan støttast slik at arbeidet med bygdeboka kan ta til med det første.!

Med helsing frå arbeidsgruppa

Inge Alver
(s)

Lars Kvamme
(s)

Jostein Mykletun
(s)


Kåre Jordal